

Sakshandsamar:

Jarlaug Lauritsen
E-post: jarlaug.lauritsen@sfj.no
Tlf.: 97178376

Vår ref.

Sak nr.: 17/16-70
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

22719/17

Dykkar ref.**Dato**

FØRDE, 06.06.2017

Notat**Frå:** Fylkesdirektør for næring og kultur**Til:** Hovudutval for næring og kultur**Kulturmidlar 2017 – fordeling av midlar**

Mynde til å fordele fylkeskommunale tilskotsmidlar løyvde i årets budsjett er i delegeringsreglementet pkt 4.9 delegert til fylkesrådmannen. Fylkesrådmannen har i ettertid vidaredelegert mynde til fylkesdirektør for næring og kultur.

Fylkeskommunale kulturmidlar vart lyst ut med søknadsfrist 1.mars. I medhald av delegert mynde er det 26.5.2017 gjor vedtak om fordeling av midlane for 2017. Fordelinga er gjort etter retningsliner vedteke i HNK-sak 87/16.

Ramma til fylkeskommunale tilskotsmidlar i 2017 på teneste 7900 er på kr 3,973. I tillegg er det nytta tilskotsmidlar frå teneste 7750 idrett med kr 55 000 og teneste 7710 kunstformidling med kr 70 000. Den samla summen på kr 4,098 er fordelt slik:

• Til drift av fylkesdekkande kulturorganisasjonar	kr	2,265
• Festivalar	kr	0,800
• Spel/arrangørar	kr	0,255
• Prosjekt og tiltak	kr	0,160
• Fylkeskommunale avtalar, samarbeidstiltak	kr	0,300
• Kunstnarstipend/kulturpris	kr	0,160
• Avsett til seinare fordeling/ev klagehandsaming	kr	0,158
Sum	kr	4,098

Omtale og vurdering av søknadane følgjer som vedlegg. 85 søknadar er vurdert. 22 kulturorganisasjonar, 11 festivalar, 8 spel/arrangørar og 6 prosjekt/tiltak er tildelt fylkeskommunal støtte til sin aktivitet. Fordeling av kunstnarstipend og fylkeskulturpris vert handsama seinare.

Kr 0,300 som er løyvde til fylkeskommunale avtalar/samarbeidstiltak gjeld midlar avsett til kurs/konferansar, skjøtselstiltak på kulturarvområdet og medlemskap i organisasjonen Norsk Verdsarv.

Tilskot til utviklingstiltak på kulturområdet vert handsama i eiga sak i dette møtet.